

Skjåk kommune  
Sentralbord: 61 21 70 00  
Faks: 61 21 70 01  
post@skjaak.kommune.no  
Adresse: 2690 Skjåk  
Organisasjonsnr.: 961381096 **Telefon- og e-postliste**

## Opning av Gokartbane i Botten

27.07.2009



**Laurdag den 25.juli vart siste krona på verket lagt på gokartbana. Mange hadde møtt fram for å vera med å opne bana.**

### Opning av gokartbana i Framruste

Leiar og primus motor i Norsk motorklubb avdeling Skjåk, Terje Tråstad, orienterte om arbeidet med etablering av anlegget. Det er nedlagt eit enormt dugnadsarbeid der han har hatt regien, og det er mykje å takke han at anlegget ligg der slik det er i dag. Tidlegare ordførar Hans Krogstad skar av snora og han takka Tråstad for det han og klubben hadde gjort for å få til anlegget. Skjåk kommune overrekte blomar og helsing. Både bygdafolk og tilreisande frå gokartmiljøet i sør Norge hadde møtt fram for å ta del i opninga. Etter seremonien var det prøvekjøring av bana og kurs i klubbhuset.

Med denne bana er nok eit element i "idrettsparken" mellom Framruste og Glitra på plass. Frå før er det på plass heilårsløype med ljøs, samt standplass for skiskyting, skileikanlegg, parkeringsplass og klubbhus. Det er også avsett areal til ei motocrossløype.

Utskriftsvenleg versjon 

---

[Skriv ut](#)  
[Lukk vinduet](#)